



**Prosten i  
Nordre Ryfylke prosti**

POSTBOKS 162 - 4201 SAUDA  
TLF. 52 78 58 50 - FAX 52 78 58 51

dok 4/  
Kultur- og kyrkjedep.  
KI  
Saksnr. 03/385 Date 28/10/03  
Side 540 Beh. KRS

Det kongelige Kultur- og Kyrkjedepartementet;  
Pb. 8030 Dep  
0030 OSLO.

Sauda; 261103.

**HØYRINGSUTTALE VEDKOMANDE NY PROSTE- OG  
PRESTEINSTRUKS.**

---

Prosten syner til brev frå Kyrkjedepartementet; dagsett 101003.

I høve NY INSTRUKS FOR PROSTAR, har eg fylgjande merknad:

1. Eg tykkjer det er tankevekkjande at innhaldet i den noverande prosteinstruksen; § 2, der «prosten skal arbeide for gode kollegaforhold og et godt åndelig fellesskap mellom de kirkelig ansatte i prostiet» er nedgradert i nytt forslag til at «prosten er forpliktet på de mål og strategier....»

Det er heilt greidt med innhaldet i ny § 2, men!: det er ille at innhaldet i GAMAL § 2 er teke bort!

At einskilde prostar på lansplan ikkje har utøvd tilstrekkeleg skjøn og teft i handteringa av § 2 i noverande prosteinstruk, er ei sak for seg. Men frå det å kutta heilt ut det denne prargraf omhandlar, er langt verre.

Prosten representerer PROSTIET, og er biskopens representant i dette område.

Han skal stå for einskap, slik biskopen gjer det; kyrkjeleg og kristeleg sett.

Difor er også noverande ordlyd i § 2 tynn, og dekkjer ikkje det som er dei faktiske forhold.

2. Kva gjeld NY INSTRUK FOR KYRKJELYDSPRESTAR, har eg denne merknad:

Det gjeld § 7. :

Her MÅ det takast inn ei stutt setning om at når fast prest i soknet; forstått som forrettande prest, er borte ( frisundagar; ikkje ferie); må nettopp han leggja til rette for at vikar/gjesteprest får gå inn i vikartenester som er førebudd av den faste presten. Det gjeld i høve til dåpssamtalar; salmeseddel; kunngjeringar m.m. Ein kan ikkje forventa at ein prest frå ein heilt annan stad skal gjera dette - som då manglar lokalkunnskap. Lokalt er det nettopp PRESTEN som er koordinatoren for dette arbeidet.

Ved FERIE er det annleis. Då er det annan prest/andre prestar, som tenestegjer i soknet over lengre tid.

Eg talar her om EINSKILD TENESTER; særleg kyrkjelydens gudsteneste, og førebuing til den. HER har patrør loci primæransvar; også dei sundagar han har fri; jfr. fritidsreglementet som Kyrkjedep. har innført.

Med helsing,

Arne O. Øystese,  
prost.